



Vår ref.
16/13/FE - 033/34/70258820

Dato:
08.02.2016

Årsmelding for 2015 - Norddal eldreråd

Eldrerådet sine medlemmar og varamedlemmar for perioden 2011-2015:

Politisk vald medlem:

Unn Linge Valdal

Personleg vara: Harald Fossheim

Frå pensjonistlaga:

Svein Vidar Normann, leiar (F/V P.lag)

”

Mons Heggen (F/V P.lag)

Dagny Lovise Eide, nestleiar (K P.lag)

”

Anne Sofie Aarset (K P.lag)

Ellinor Ruset (F/V P.lag)

”

Synnøve Rem (F/V P.lag)

Harald Storås (K P.lag)

”

Marie Rønneberg (K P.lag)

Eldrerådet er eit lovfesta organ som skal ha til handsaming alle saker som er til politisk handsaming i kommunen, og som gjeld levkåra for dei eldre. Dei har også høve til på eige initiativ å ta opp saker til drøfting og ev. uttale.

Bente Klakken Osvik - konsulent ved servicetorget - har vore sekretær for eldrerådet.

I 2015 har rådet hatt 5 møter og behandla

- 22 saker

- 9 uttalar

- 17 orienterings-/drøftingssaker.

Dette er eitt møte og 4 saker mindre, og ein uttale og 6 orienterings-/drøftingssaker meir enn i 2014.

Av saker som har vore handsama/orientert om el. drøfta i rådet, vert nemnd:

- Vurdering av drift institusjonsomsorga
- Vurdering av heimetenestene
- Statleg finansiering av eldreomsorga i kommunen – forsøksprosjekt
- Helsetransporttenesta
- Endring i legevaktordninga
- Brukarmedverknad
- Språkopplæring i helse- og omsorgstenesta
- Kvalitetssikring og internkontroll

- Betalingssatsar for pleie og omsorg 2016.
- Budsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2019

Saka om helsetransporttenesta er ei sak som held fram frå 2014. Materien er svært vanskeleg å kome inn i, og er blitt for stor for rådet. Det ville vore i kommunen si interesse å få eit godt tenestetilbod når det gjeld helsetransporttenesta til kommunen sine innbyggjarar. Rådet har foreslått ei klagemoglegheit internt i kommunen slik at det blei lettare for kommunen sine innbyggjarar å klage på tenester, men dette vart ikkje imøtekome.

Rådet ønska å ta opp sak om kvalitetssikring og internkontroll der rådet spurte kva for kvalitets sikringstiltak og typer internkontroll kommunen har iverksatt/planlagt med tanke på å førebygge feil innan saksbehandling og tenesteyting innan den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dette vart ikkje imøtekome.

Rådet har også påpeika det rådet meiner er manglande ivaretaking av brukarmedverknad frå administrasjonen si side.

Eldrerådet – saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne – hadde drøftingsmøte med ordførar og rådmann om arbeids- og ansvarsområde for råda den 16.04.2015. Sjø møtereferat som blei lagt fram i rådsmøte den 02.06.2015 og kommentar til møtereferatul frå begge råda i brev av 18.06.2015.

Eldrerådet - saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne – har sendt sistnemnde sak saman med det rådet meiner er manglande brukarmedverknad over til kontrollutvalet og fylkesmannen til ei forvaltnings- og lovmessig vurdering, og med kopi til relevante organisasjonar lokalt og i fylket.

Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal gir i brev mottatt 14.12.2015 si støtte til rådet si vurdering av rådet sitt mandat og arbeidsmetode, og gjer det klart at lova gir rådet eit ansvar og dermed plikt til å gi råd til politikarane i saker som vedkjem eldre.

Eitt av medlemmane var på fylkeskonferanse om vedferdsteknologi i Molde arrangert av Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. To av medlemmane var på konferanse om vold mot eldre i Ålesund i arrangert av RVTS Midt .

Eldrerådet har hatt godt samarbeid med pensjonistlaga i kommunen og Pårørande- og brukarforeininga for omsorgstenestene i Norddal.

Rådet har 2 representantar i styringsgruppa for Den kulturelle spaserstokken i kommunen.

Rådet takkar for seg, og ønskjer medlemmene i det nye rådet lykke til i sitt arbeide til det beste for dei eldre i Norddal kommune!

Svein Vidar Normann
leiar